



SELJE KOMMUNE

Kommunestyret

Møtebok

Møtedato: 16.11.2015

Møtetid: Kl. 14:00 – 17:50

Møtested: Kommunehuset, 2. etg.

Saksnr.: 076/15 - 086/15

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Ordførar Stein Robert Osdal, Raymond Myren.

TP: Jan Vidar Smenes, Judith Kvåle, Terje Ødegård, Andreas Rundereim.

FRP: Marita Aarvik (til kl. 15.00), Anfinn Sjøstad, Svein Hansen, Anne Lise Drage.

SP: Gunn Sande, Kjetil Friberg.

UAVH: Veronica Hatlenes.

H: Geir Årvik

AP: Åge Lundebrekke

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Gunnar Silden. Melding om forfall var gjeve.

H: Kenneth Brandal. Melding om forfall var gjeve.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Monica Villard Austring

FRP: Atle Svein Honningsvåg møtte frå kl. 15.00

H: Kjetil Vetrhus.

Følgjande frå administrasjonen møtte

Rådmann Ørnulf Lillestøl, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Ingen

Kommunestyret vedtok samrøystes å handsame 2 ekstra saker:

085/15 Kommunereform - Val av forhandlingsutval - Intensjonsavtale

086/15 Kystvegen som Riksveg - Ålesund-Bergen

Sak 086/15 vart handsama etter sak 077/15.

17 voterande.

Informasjon:

Kl. 14.00 - 14.30 Orientering om bruk av møteportalen v/serviceleiar Wenche M. Berget.

Kl. 14.30 – 15.00 Orientering frå Nordfjord Vekst v/ leiar Randi Humborstad.

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
076/15	Godkjenning av møtebok
077/15	Referatsaker
078/15	Råd for eldre og funksjonshemma - Vedtekter
079/15	Val - Medlemmar i råd for eldre og funksjonshemma 2015 - 2019
080/15	Val av kommunal representant i Seljumannmessekomiteen 2015 - 2019
081/15	Val - Politisk representantar til vassregionalutval og vassområdeutval
082/15	Motorferdsel i utmark - Landingsløyve for helikopter - Nordfjord jordskifterett
083/15	Forlenging av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 - 2015
084/15	Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe
085/15	Kommunereform - Val av forhandlingsutval - Intensjonsavtale
086/15	Kystvegen som Riksveg - Ålesund-Bergen

Tilleggsaker: 085/15, 086/15.

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	076/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/579
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 21.10.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
09.11.2015	Møtebok KS 21.10.15.pdf	70622

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

KS-076/15 VEDTAK

Møteboka frå møte 21.10.15 vert godkjent slik den ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	077/15

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 15/578
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	15/4518	U	22.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Rapport etter tilsyn med kommunal beredskapsplikt - Tiltak og innsending av oppdaterte dokument

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Tilleggsreferat:

2. Ordførar: Brev frå Kystvegen Ålesund-Bergen v/Eivind Hjellum , dat. 10.11.15 - Kystvegen som Riksveg
3. Gunn Sande: Orientering om Alarmsentralen.
4. Ordførar: Orientering om vegen FV633 Kleiva
5. Rådmann: Orientering om Okla og forhandlingar med Vestavind Kraft.

KS-077/15 VEDTAK

1. Teke til vitande.
2. Spørsmål om strategi i forhold til Riksveg- eller Fylkesvegstatus.
Framlegg om å handsame som eiga sak i Kommunestyret.
Røysting gav 16 for og 1 røyst mot.
Vert å handsame som eiga sak KS 086/15 . Handsamast etter sak 077/15 på saklista.
3. Teke til vitande.
4. Kommunestyret ber om at saka vert handsama i Formannskapet 25.11.15.
5. Teke til vitande.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	078/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FE-033	15/524

Råd for eldre og funksjonshemma - Vedtekter

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	U	23.09.2015	Fjordenes Tidende / Heimesida	Annonsse - Høyring reglement for råd for eldre og funksjonshemma
3	I	24.09.2015	Leiar Selje eldreråd Johan Kroken	Innspel til reglement
2	I	24.09.2015	Sakshandsamar Svein Barmen	Reglement til høyring
4	I	28.09.2015	Harald M. Kvame Hansen	Innspel til reglement

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
20.10.2015	Innspel vedtekter.docx	70031
20.10.2015	Vedtekter for råd for eldre og funksjonshemma.docx	70032
04.11.2015	Protest på samanslaing av radet for menneske med nedsett funksjonsevne og Eldreradet .doc	70509

Saka gjeld

Vedtak om vedtekter for Råd for eldre og funksjonshemma

Opplysningar til saka

Kommunestyret gjorde i sak 018/15 vedtak om ny politisk organisering i Selje kommune. Dette førte med seg at Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne vart slått saman til eitt organ. Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne handsama saka den 04.04.2015 under sak 005/15 og gjekk samrøystes inn for dette.

Begge råda har hatt ulike vedtekter. Det må gjerast vedtak om nye vedtekter for at det nye rådet skal kunne fungere som eitt organ.

Framlegg til nye vedtekter har vore ute på høyring med 3 veker høyringsfrist. Det er kome inn 3 høyringsvar som er kommentert i vedlegg til saka, og er innarbeidd i framlegg til vedtak.

I framlegget til vedtak er fylgjande vurdert:

1. Namnet til rådet

Namnet bør vere kort og brukarvennleg. Det bør innehalde gode «søkjeord» for elektronisk søk, og det må ikkje ha forvekslingsord. Td. «felleusråd» er alt i bruk.

2. Oppnemning

I fylgje begge lovverka skal medlemene i rådet nemnast opp av kommunestyret etter framlegg frå brukarorganisasjonane.

Mange stader er det gode erfaringar med råd som er samansett av representantar både frå kommunestyret/fylkestinget, administrasjonen og funksjonshemma sine organisasjonar. Sentrale politikarar vil som rådsmedlemmar kunne styrkje rådet sin innverknad. (Rskr Q-21/2012)

I lov om eldreråd skal val av leiar og nestleiar skal dette gjerast av eldrerådet sjølv, men av Kommunestyret til Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Dei kommunane som har felles råd har lagt valet av leiar og nestleiar til kommunestyret.

3. Mandat/ oppgåver

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunestyret. Det har uttalerett, men ikkje plikt. Av den grunn er omgrepet «skal» ikkje nytta om oppgåvene i framlegget til vedtekter. Når rådet uttalar seg, skal protokollen frå møtet fylgje saka til det organet som gjer endeleg vedtak i saka.

Lover/regelverk

Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne m.m.

Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd

Sakshandsamar si vurdering

Framlegget til vedtekter vil kunne ivareta interessene til dei eldre og menneska med nedsett funksjonsevne etter føresetnadane i lovverket.

Konklusjon

Framlegget vert vedteke

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Vedlagt framlegg til vedtekter for råd for eldre og funksjonshemma vert vedteke slik det ligg føre.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Nytt framlegg frå administrasjonen:

Vedlagt framlegg til vedtekter for råd for eldre og funksjonshemma vert vedteke slik det ligg føre.

Det «nye» rådet vert evaluert innan utgangen av 2017.

Røysting:

Nytt framlegg frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-078/15 VEDTAK

Vedlagt framlegg til vedtekter for råd for eldre og funksjonshemma vert vedteke slik det ligg føre.

Det «nye» rådet vert evaluert innan utgangen av 2017.

Samrøystes.

Utskrift til:

Dei valde

Pensjonistlaga

Andre aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	079/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FE-033	15/472

Val - Medlemmar i råd for eldre og funksjonshemma 2015 - 2019

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	13.10.2015	Stadt pensjonistlag	Framlegg til representant
2	I	13.10.2015	Selje Pensjonistlag	Framlegg til representant
6	I	02.11.2015	Harald Hansen	Medlemar til råd for eldre og funksjonshemma
7	I	05.11.2015	Harald M. Kvame Hansen	Tillegg til medlemar til råd for eldre og funksjonshemma

Saka gjeld

Val av medlemmar i Råd for eldre og funksjonshemma for perioden 2015 – 2019.

Opplysningar til saka

Kommunestyret gjorde i sak 018/15 vedtak om at Råd for eldre og funksjonshemma vert slått saman til eitt råd.

I fylgje vedtektene skal rådet ha 5 medlemmar valde av kommunestyret. To medlemmar etter framlegg frå dei eldre sine organisasjonar, to medlemmar etter framlegg frå organisasjonane til menneske med nedsett funksjonsevne og eit medlem vald mellom kommunestyret sine representantar. Leiar og nestleiar skal veljast av kommunestyret.

Kommunestyret valde på det konstituerande møtet den 28.09.15 i sak 055/15 Gunn Sande som medlem og Marita Årvik som vara til rådet.

Organisasjonane har sendt inn fylgjande framlegg til medlemmar:

Namn	Funksjon	Organisasjon
Harald Hansen	Medlem	LUPE
Ann-Kathrin Ervik	Personleg varamedlem	Autismeforeningen
Anita Bentsen	Medlem	Revmatikerforbundet

Arny Borgundvåg	Personleg varamedlem	LHL
Sigbjørn Sjøstad	Medlem	Stad pensjonistlag
Helga Swensen	Personleg varamedlem	Stad pensjonistlag
Åge Starheim	Medlem	Selje pensjonistlag
Åse-Kåra Grytting	Personleg varamedlem	Selje pensjonistlag

Ordføreren rår til at Åge Starheim vert leiar og Anita Bentsen nestleiar

Lover/regelverk

Lov om råd eller anna m.m. for menneske med nedsett funksjonsevne
Eldrerådslova

Saksgang

Kommunestyret gjer endeleg vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Råd for eldre og funksjonshemma får slik samansetjing for perioden 2015 – 2019:

Namn	Funksjon	Organisasjon
Åge Starheim	Leiar	Selje pensjonistlag
Åse-Kåra Grytting	Personleg varamedlem	Selje pensjonistlag
Anita Bentsen	Nestleiar	Revmatikerforbundet
Arny Borgundvåg	Personleg varamedlem	LHL
Harald Hansen	Medlem	LUPE
Ann-Kathrin Ervik	Varamedlem	Autismeforeningen
Sigbjørn Sjøstad	Medlem	Stad pensjonistlag
Helga Swensen	Personleg varamedlem	Stad pensjonistlag
Gunn Sande	Medlem	Selje kommune
Marita Årvik	Personleg varamedlem	Selje kommune

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-079/15 VEDTAK

Råd for eldre og funksjonshemma får slik samansetjing for perioden 2015 – 2019:

Namn	Funksjon	Organisasjon
Åge Starheim	Leiar	Selje pensjonistlag
Åse-Kåra Grytting	Personleg varamedlem	Selje pensjonistlag
Anita Bentsen	Nestleiar	Revmatikerforbundet
Arny Borgundvåg	Personleg varamedlem	LHL
Harald Hansen	Medlem	LUPE
Ann-Kathrin Ervik	Varamedlem	Autismeforeningen
Sigbjørn Sjøstad	Medlem	Stad pensjonistlag
Helga Swensen	Personleg varamedlem	Stad pensjonistlag
Gunn Sande	Medlem	Selje kommune
Marita Årvik	Personleg varamedlem	Selje kommune

Samrøystes.

Utskrift til:
Dei valde
Pensjonistlaga
Andre aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	28.09.2015	069/15
Kommunestyret	16.11.2015	080/15

Sakshandsamar Svein Barmen	Arkiv FE-033	Arkivsak 15/522
--------------------------------------	------------------------	---------------------------

Val av kommunal representant i Seljumannmessekomiteen 2015 - 2019

Saka gjeld

Val av kommunal representant med vara til Seljumannmessekomiteen for perioden 2015 - 2019

Opplysningar til saka

I førre periode var Stein Robert Osdal kommunen sin representant i komiteen. Valnemda vil kome med framlegg til ny representant

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

.....

Handsaming i Kommunestyret - 28.09.2015

17 voterande

Framlegg frå Gunn Sande:

Saka vert utsett.

Røysting:

Framlegg frå Gunn Sande fekk 17 røyster for. Samrøystes

KS-069/15 VEDTAK

Saka vert utsett.

Samrøystes.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Framlegg frå ordførar:

Selje kommune oppnemner ikkje ein representant til Seljumannamessekomiteen.

Røysting:

Framlegg frå ordførar fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-080/15 VEDTAK

Selje kommune oppnemner ikkje ein representant til Seljumannamessekomiteen.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	02.11.2015	082/15
Kommunestyret	16.11.2015	081/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Kristian Nave	FA-L33	15/560

Val - Politisk representantar til vassregionalutval og vassområdeutval

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	I	09.11.2015	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Oppnemning av representantar til Sogn og Fjordane Vassregionutval - valperiode 2015-2019

Saka gjeld

Saka gjeld val av politisk representant til vassregionutval og vassområdeutval.

Opplysningar til saka

Vassforvaltninga er ein kontinuerlig prosess der arbeidet med nye kartleggingar og planar startar opp så snart ein plan er vedteken. Framlegg til Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane Vassregion 2016 – 2021 har vore under arbeid i lang tid og var handsama og vedteken i Vassregionutvalet for Sogn og Fjordane på fylkeshuset på Leikanger onsdag 21. oktober 2015. Kristian Nave frå administrasjonen var tilstades på møtet.

Planutkastet skal vidare til Fylkestinget for endeleg vedtak.

Kommunane har ein politisk vald representant og ein frå administrasjonen. Den tilsette inngår i arbeidsutvalet i vassområde og skaffar opplysningar, førebur saker og liknande.

Formelt sett bør det vere ein politisk vald representant som nytta kommunen sin stemmerett i vassområdeutvalet og vassregionutvalet.

I samarbeid med rådmann og ordførar vert Veronika Hatlenes føreslegen som politisk representant for Selje kommune i desse utvala.

Lover/regelverk

•Forskrift om rammer for vannforvaltningen (Vassforskrifta).

Utdrag frå § 22.(vannregionutvalg):

Vannregionmyndigheten skal innenfor den enkelte vannregion opprette et vannregionutvalg under ledelse av vannregionmyndigheten. Vannregionutvalget skal være sammensatt av

representanter for vannregionmyndigheten og øvrige fylkeskommuner, fylkesmannsembeter, samt andre berørte sektormyndigheter og kommuner. Representanter for berørte rettighetshavere og private og allmenne brukerinteresser skal være nært knyttet til vannregionutvalget gjennom en referansegruppe.

- Forurensingsloven
- Vannressursloven
- Plan- og Bygningsloven

Finansiering

Dette valet krev ikkje særskild finansiering.

Sakshandsamar si vurdering

Deltaking i Vassområdet Nordfjord (og Sogn og Fjordane Vassregion) krev val av ein politisk representant. Framlegg Veronica Hatlenes. Det er ikkje teke stilling til vararepresentant.

Konklusjon

Framlegg til politisk representant i Nordfjord Vassområde: Veronica Hatlenes

Saksgang

Saka vert handsama i formannskapet og det vert gjort endeleg vedtak i kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Selje kommune vel Veronica Hatlenes.som politisk representant til Vassområdet Nordfjord.

Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015

7 voterande

Framlegg frå Formannskapet:

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande tillegg:
Andreas Rundereim vert valt som vararepresentant.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-082/15 FRAMLEGG

Selje kommune vel Veronica Hatlenes.som politisk representant til Vassområdet Nordfjord.
Andreas Rundereim vert valt som vararepresentant.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-081/15 VEDTAK

Selje kommune vel Veronica Hatlenes som politisk representant til Vassområdet Nordfjord.

Andreas Rundereim vert valt som vararepresentant.

Samrøystes.

Utskrift til:

Dei valde

Sogn og Fjordane fylkeskommune



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Delegasjon	Vedtaksdato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	082/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Svein Barmen	FA-K01	15/153

Motorferdsel i utmark - Landingsløyve for helikopter - Nordfjord jordskifterett

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
3	I	23.10.2015	Nordfjord Jordskifterett	Søknad om motorferdsel i utmark - helikopter.
5	I	28.10.2015	Nordfjord Jordskifterett	Kartvedlegg til søknad om motorferdsel i utmark - helikopter
6	I	02.11.2015	Olina Mardal	Tilbakemelding på utført helikoptertrafikk - Nordfjord jordskifterett

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
28.10.2015	Kart med planlagt flygerute.pdf	70323
28.10.2015	Forslag til møteplass.pdf	70324

Saka gjeld

Søknad om løyve til motorferdsel i utmark, jf. motorferdselloven § 6.

Opplysningar til saka

Nordfjord jordskifterett søker om ein dag flyging med helikopter, start og landing i samband med merking av grense for festetomt til vindmøllepark på Okla.

Tidspunkt: på grunn av vertilhøve, i tidsrommet 27.10.15 – 27.11.15.

Landingsplassar: Gbnr 41/2 Frode Svedhaug og området Okla, Jf vedlagde kart

Lover/regelverk
Motorferdselloven

Sakshandsamar si vurdering

Den oppgitte grunnen er nyttetransport i samband med etablering av vindmølleparken og fell inn under vilkåra som gjeld for «særlege grunnar» for å gi løyve.

Saksgang

Saka kan avgjerast av administrasjonen i medhald av gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket kan påklagast av den som er part i saka innan 3 veker etter at vedtaket er kjent for parten/ane.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Nordfjord jordskifterett får landingsløyve som omsøkt:

Tidsrom: Ein deg i tidsrommet 27.10.15 – 27.11.15

Landingsplassar:

Jordskifteretten melder tilbake til kommunen når oppdraget er utført.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Orientering:

Saka er av sakshandsamar handsama som delegasjonssak og skulle kun vere til orientering/godkjenning av Kommunestyret.

Røysting:

Sak med tilråding vart samrøystes godkjend av Kommunestyret.

KS-082/15 VEDTAK

Nordfjord jordskifterett får landingsløyve som omsøkt:

Tidsrom: Ein deg i tidsrommet 27.10.15 – 27.11.15

Landingsplassar:

Jordskifteretten melder tilbake til kommunen når oppdraget er utført.

Samrøystes.

Utskrift til:

Nordfjord Jordskifterett



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.10.2015	074/15
Kommunestyret	16.11.2015	083/15

Sakshandsamar: Maria Helgesen	Arkiv: FE-233, FA-C00	Arkivsaknr 15/397
----------------------------------	--------------------------	----------------------

Forlenging av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 - 2015

Vedlegg

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
29.09.2015	KIFFF ferdig plan 201211.pdf	69402

Opplysningar til saka

Kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse, (KIFFF) skulle reviderast dette året.

På grunn av både nedskjeringar, omstilling og endringar i administrasjonen, har ein ikkje hatt nok tid og riktig kompetanse til å køyre ein god prosess.

Ved ei forlenging av KIFFF planen, vil kommunen ha ein godkjent plan i eit år til, og ein kan starte ein god revideringsprosess der både fylkeskommunen, frivillige, lag og organisasjonar er involverte.

Om ein ikkje har godkjent plan, har ein ikkje rett på spelemidlar til fordeling i 2016. Dette vil ha store konsekvensar for det frivillige arbeidet og utviklinga av idrett og aktivitetsmuligheitene for innbyggjarane i Selje kommune. Forlenginga er anbefalt og avklara med Sogn og Fjordane fylkeskommune.

(Til orientering: Rullering av handlingsprogrammet og prioriterting av spelemiddelsøknadar for 2016, kjem som eiga sak i kommunestyret desember 2015.)

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015, blir utsett i eit år og kommunedelplanen blir forlenga til å gjelde ut 2016.

Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015

7 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-074/15 FRAMLEGG

Revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015, blir utsett i eit år og kommunedelplanen blir forlenga til å gjelde ut 2016.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-083/15 VEDTAK

Revisjon av kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet, friluftsliv og folkehelse 2012 – 2015, blir utsett i eit år og kommunedelplanen blir forlenga til å gjelde ut 2016.

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	07.10.2015	076/15
Formannskapet	02.11.2015	083/15
Kommunestyret	16.11.2015	084/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FA-Q64	15/75

Synergier av Stad Skipstunnel - Arbeidsgruppe

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
19	I	07.10.2015	Høgre og Senterpartiet FRP	Synergieffekter frå bygging av Stad Skipstunnel
20	I	14.10.2015	NVE	Innspel til oppstart av områdereguleringsplan
21	I	21.10.2015	Bjarne Myrstad	Feil og manglar ved bruksnr på kart - Moldefjorden
22	I	22.10.2015	Vanylven kommune	Melding om vedtak
23	I	23.10.2015	Møre og romsdals fylkeskommune	Fråsegn til varsel om oppstart med planprogram
24	I	26.10.2015	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Selje kommune - fråsegn til varsel om oppstart av arbeid med områdereguleringsplan for Stad skipstunnel og høyring planprogram
25	I	30.10.2015	Randi Humborstad	Innkalling til styringsgruppemøte for Stad skipstunnel 5. november
30	I	17.11.2015	Norconsult AS	Stad planprogram - revidert etter merknad fra fylkeskommunen
29	I	17.11.2015	Sogn og Fjordane kulturavd.	Stad skipstunnel - uttale
28	I	17.11.2015	Norconsult AS	Stad planprogram - innkomne merknader

Opplysningar til saka

Saka kom opp som tilleggsak.

Handsaming i Formannskapet - 07.10.2015

7 voterande

Innspel til å handsame ekstra sak frå FRP, Høgre og Senterpartiet vart lagt fram. Formannskapet vedtok samrøystes å handsame saka.

Framlegg frå FRP, H og SP:

Det opprettes et nytt utval som skal koordinere arbeidet med Synergieffektene fra byggingen av Stad Skipstunnel.

Utvalget skal bestå av 3 medlemmer.

Leder: Anfinn Sjøstad

Medlem: Gunnar Silden

Medlem: Styret i bedriftsforeningene på Stadlandet og i Selje velger en felles representant i utvalget.

Utvalget organiseres slik:

Utvalget skal i første omgang finansieres i gjennom 150 000,- i tilskudd fra Nordfjord Vekst og de løpende kaileieinntektene frå Nordfjord Hamn som blir utbetalt Selje kommune kvartalsvis (ca. 150 000,- i årlige inntekter). Utvalget rapportere direkte til formannskapet.

Framlegg frå Formannskapet:

FRP, H, SP bearbeider framlagt forslag som vert å handsame i eit seinare formannskapsmøte.

Viktige moment å te omsyn til er:

Samarbeid med Nordfjord Vekst, Nordfjord Hamn, Vanylven kommune og Vågsøy kommune, samt det økonomiske aspektet.

Røysting:

Framlegg frå FRP, H, SP fekk 0 røyster for.

Framlegg frå Formannskapet fekk 7røyster for. Samrøystes.

FS-076/15 VEDTAK

FRP, H, SP bearbeider framlagt forslag som vert å handsame i eit seinare formannskapsmøte.

Viktige moment å te omsyn til er:

Samarbeid med Nordfjord Vekst, Nordfjord Hamn, Vanylven kommune og Vågsøy kommune, samt det økonomiske aspektet.

Samrøystes.

Handsaming i Formannskapet - 02.11.2015

7 voterande

Saka sto oppført under referat – nr. 4. Det vart i Formannskapet samrøystes vedteke å løfte den opp for handsaming som eiga sak.

Ordførar viste til motteken e.post, dat. 28.10.15 frå Anfinn Sjøstad, med fylgjande framlegg frå H, SP og FRP:

«Selje kommune etablerer eit «Utval for synergjar frå bygging av Stad skipstunnel». Utvalget skal ha 3 medlemmar og ein av medlemmane skal oppnevnt av Selje og Stadlandet bedriftsforening.

Intensjon:

Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane mtp synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc vert ivaretekne og utnytta.

Forslag til vedtak:

Formannskapet vedtek eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.»

Formannskapet la fram fylgjande

Framlegg frå Formannskapet:

Formannskapet tilrår Kommunestyret å opprette eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.

Røysting:

Framlegg frå Formannskapet fekk 7 røyster for. Samrøystes.

FS-083/15 FRAMLEGG

Formannskapet tilrår Kommunestyret å opprette eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.

Saksutgreiing etter møte i Formannskapet 02.11.15:

Saka gjeld

Etablering av politisk arbeidsgruppe etter Reglement for kommunestyret pkt. 5.2.

Opplysningar til saka

Medlemmer i formannskapet og kommunestyret har over tid vore opptatt av å satse meir på å kartlegge og sikre mulege ringverknader og synergjar ved etablering av Stad skipstunnell. I formannskapet 02.11.15 vart det fatta vedtak ;

Formannskapet tilrår Kommunestyret å opprette eit utval som her er skissert, og ber administrasjonen om å utrede finansiering og ansvars- / arbeidsområde til neste kommunestyremøte.

Lover/regelverk

Etablering av denne type utval fylgjer av kommunelova § 10. Heimelen er ytterlegare utdjupa i Reglement for kommunestyret pkt. 5.2

§ 10.Faste utvalg. Komiteer.

- 1. Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette faste utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål eller for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomhet. Slike utvalg skal ha minst tre medlemmer.*
- 2. Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv området for de faste utvalgs virksomhet. Slike utvalg kan tildeles avgjørelsesmyndighet i alle saker hvor ikke annet følger av lov.*
- 3. Kommunestyret og fylkestinget velger selv medlemmer og varamedlemmer til utvalget, og blant medlemmene leder og nestleder.*
- 4. Utvalget kan gi lederen eller et arbeidsutvalg myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.*
- 5. Kommunestyret og fylkestinget kan opprette komiteer til forberedende behandling av saker og til å utføre særskilte verv. Slik komité kan også tildeles myndighet til å avgjøre enkeltsaker som har direkte tilknytning til komiteens oppdrag.*
- 6. Kommunestyret og fylkestinget kan selv når som helst omorganisere eller nedlegge faste utvalg og komiteer. En komité kan også omorganiseres eller nedlegges av det organ som har fått myndighet til å opprette vedkommende komité.*

Sakshandsamar si vurdering

Det at det no frå politisk hald vert teke initiativ til å auke innsatsen og arbeidet med å kartleggje mulege positive ringverknader ved bygging av tunnellen er svært positivt. I prosessen med innsamling av innspel er det fokusert på å sikre areal i samband med massehandtering og i mindre grad kva konsekvensar dette kan/vil ha for næringsliv, dei som bur i distriktet og utvikling av kommunen. Større prosjekt som eks fleirbrukshavn på Leikanger krev omfattande arbeid før det kan realiserast og ei rekkje uavklarte moment som, finansiering, arealbruk/eigartilhøve, konsekvensar for lokalområdet og kommunen som heilskap må klargjerast over tid.

Mange instansar arbeider no med desse og tilgrensande problemstillingar. Dei er omtala i samband med formannskapet sin handsaming. Det vil vere viktig at utvalget samarbeider tett med alle instansar som no er engasjert i dette arbeidet.

Som det framgår av kommunelova er det sett nokre krav til denne type utval. Under handsaming i formannskapet vart intensjonen formulert;

Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane mtp synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc vert ivaretekne og utnytta.

Konklusjon

Saksgang

Kommunestyret fattar vedtak

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

1. Det vert sett ned eit fast utval beståande av tre kommunestyrerepresentantar.

Fylgjande vert vald:

1. vara.....
2.vara.....
3.vara.....

Som leiar for utvalet vert oppnemd.....

2. Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane mtp synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc vert ivaretekne og utnytta.
3. Utvalet har ikkje mynde til å fatte vedtak eller binde kommunen/kommunestyret økonomisk eller juridisk.
4. Utvalet rapporterer til formannskapet som planutval det løpande arbeidet.
5. Formannskapet vurderer løpande behov for å orientere kommunestyret og førebu vedtak der etter delegeringereglementet. Sakshandsaming skal avklarast og utførast av rådmannen.
6. Utvalet skal samarbeide tett med andre instansar som bl.a Nordfjord Vekst, Kystverket, Nordfjord hamn og næringslivet. Utvalet skal også samarbeide med utviklingsinteresser i Vanylven og Vågsøy.
7. Utvalet startar arbeidet snarast og har arbeidsperiode fram til 31.12.16. Kommunestyret tek stilling til evt behov for lenging av perioden.
8. Arbeidet vert finansiert over budsjettet til politisk styring. Godtgjering etter regelverket som er etablert for folkevalde. Reiseverksemd/andre utgifter må klarerast av ordførar.

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande.

Fellesframlegg frå Kommunestyret:

1.

Det vert sett ned eit fast utval beståande av tre kommunestyrerepresentantar.

Følgjande vert valde:

Anfinn Sjøstad - leiar

Judith Kvåle - nestleiar

Gunnar Silden - medlem

Vara:

1. Raymond Myren

2. Terje Ødegård

3. Veronica Hatlenes

2.

Utvalet skal koordinere og systematisere idear og innspel frå næringsliv og privatpersonar i Selje kommune og nabokommunane med tanke på synergjar frå bygginga av Stad skipstunnel. Dette for å sikre at viktige innspel rundt utnytting av tunnelmasse, synergjar for reiselivet etc. vert ivaretekne og utnytta.

3.

Utvalet har ikkje mynde til å fatte vedtak eller binde kommunen/kommunestyret økonomisk eller juridisk. Utvalet står fritt til å søke/disponere ekstern finansiering. Dette under føresetnad at det ikkje binder kommunen/kommunestyret økonomisk eller juridisk.

4.

Utvalet rapporterer til formannskapet som planutval det løpande arbeidet.

5.

Formannskapet vurderer løpande behov for å orientere kommunestyret og førebu vedtak der etter delegeringsreglementet. Sakshandsaming skal avklarast og utførast av rådmannen.

6.

Utvalet skal samarbeide tett med andre instansar som m.a. Nordfjord Vekst, Kystverket, Nordfjord hamn og næringslivet. Utvalet skal også samarbeide med utviklingsinteresser i Vanylven og Vågsøy.

7.

Utvalet skal legge fram ein grovplan for bruken av massen frå Stad Skipstunnel for Selje kommune. Dette med tanke på at Selje kommunestyre skal vedta planen seinast innan 31. mars 2016. Dette er fristen som Selje kommune har fått med Kystverket.

8.

Utvalet startar arbeidet snarast og har arbeidsperiode fram til 31.12.16. Kommunestyret tek stilling til evt. behov for lenging av perioden.

9.

Arbeidet vert finansiert over budsjettet til politisk styring. Godtgjering etter regelverket som er etablert for folkevalde. Reiseverksemd / andre utgifter må klarerast med ordførar.

Røysting:

Fellesframlegg frå Kommunestyret fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-084/15 VEDTAK

Som fellesframlegg frå Kommunestyret.

Samrøystes.

Utskrift til:

Rådmann

Revisor

Nordfjord Vekst

Nordfjord Hamn

Kystverket

Bedriftsforening i Selje kommune



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	085/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Ørnulf Lillestøl	FE-024	14/342

Kommunereform - Val av forhandlingsutval - Intensjonsavtale

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
48	I	16.11.2015	Rådmann Ørnulf Lillestøl	Referat - Møte i styringsgruppa for kommunereform EVS 05.11.15
49	I	17.11.2015	Vågsøy kommune	Innkalling møte i forhandlingsutval for kommunene Eid, Vågsøy, Selje og Vanylven

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
16.11.2015	Referat møte i styringsgruppa kommunereform EVS 05 11 2015.pdf	70811

Saka gjeld

Oppnemning av forhandlingsutval – intensjonsavtale kommunereforma.

Opplysningar til saka

Felles styringsgruppe for kommunereforma hadde møte 5. november. Det vart der fatta vedtak ;

1. Intensjonsavtale.

Det er laga framlegg til intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Eid, Vågsøy og Selje.

Styringsgruppa tok stilling til om ein vil gå vidare med ein intensjonsavtale. Alle tre kommunane er positive til å gå vidare. Dette lukkar ikkje ute at ein kan arbeide vidare med andre alternativ. Vanylven må gje ei tilbakemelding på om dei vil vere med, og dei einar å kunne gje eit svar etter møtet den 10. d.m.

Det var ei god og nyttig drøfting rundt mange av punkta, og det vart gjort framlegg til nokre endringar. Endringane vert lagt inn i intensjonsavtalen, som vert sendt ut til styringsgruppa for godkjenning som utkast. Det er vanleg at det vert utnemnt eit forhandlingsutval, slik at ein får ein politisk prosess på utforminga. Træen sender over eksempel på korleis dette er samansett i andre kommunar.

***Vedtak:** Det vert utnemnt eit forhandlingsutval :2-3 politikarar frå kvar kommune. Rådmennene bør vere med som sekretariat. Utkast til intensjonsavtale kan brukast som utgangspunkt for forhandlingane. Forhandlingsutvalet må vere klart så fort som mogleg, så ein får sette i gang prosessen*

Tilstade var også Vanylven kommune. Dei fekk ein relativt kort frist til å ta stilling til om dei ynskjer å delta i utgreiingsprosessen med EVS kommunane.

Eid og Vågsøy fremjar no sak om val av forhandlingsutval.

Sakshandsamar si vurdering

Det er no behov for å raskt få eit forhandlingsutval på plass for å slutføre arbeidet med å framforhandle ein intensjonsavtale. Ein slik avtale må konkretisere hovudtrekka i utgangspunktet før eit endeleg kommunestyrevedtak om samanslåing i juni 2016. Viktige moment her er spørsmål om nytt kommunesenter/plassering av komuenadministrasjon, namn på ny kommune, organisering administrativt og politisk og sikring av tenester til innbyggjarane.

Utvalet bør samansettjast av ordførar, varaordførar og ytterlegare ein kommunestyrerepresentant slik at vi har ei breidde i representasjonen. Det er vanleg å ha denne type utval samansett av politisk leiing og hjå oss er det eit poeng å sikre også geografisk spreing/deltaking frå heile kommunen.

Konklusjon

Ordførar, varaordførar og Geir Årvik vert tilrådd vald.

Saksgang

Handsaming og vedtak i Kommunestyret.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret set ned eit forhandlingsutval som har i oppgåve å slutføre arbeidet med å etablere ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Selje, Eid og Vågsøy. Dersom Vanylven kommune ynskjer å delta inngår dei som fullverdig medlem i eit samla forhandlingsutval.

Frå Selje kommune vert ordførar Stein Robert Osdal, varaordførar Jan Vidar Smenes og Geir Årvik vald.

Utkast til intensjonsavtale vert å handsame i kommunestyret i januar/ februar 2016

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

17 voterande

Røysting:

Tilråding frå administrasjonen fekk 17 røyster for. Samrøystes

KS-085/15 VEDTAK

Kommunestyret set ned eit forhandlingsutval som har i oppgåve å slutføre arbeidet med å etablere ein felles intensjonsavtale mellom kommunane Selje, Eid og Vågsøy. Dersom Vanylven kommune ynskjer å delta inngår dei som fullverdig medlem i eit samla forhandlingsutval.

Frå Selje kommune vert ordførar Stein Robert Osdal, varaordførar Jan Vidar Smenes og Geir Årvik vald.

Utkast til intensjonsavtale vert å handsame i kommunestyret i januar/ februar 2016

Samrøystes.

Utskrift til:

Aktuelle partar



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	16.11.2015	086/15

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Stein Robert Osdal	FA-N00	13/122

Kystvegen som Riksveg - Ålesund-Bergen

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
7	I	17.11.2015	Statens vegvesen	Kystvegen som Riksveg
10	I	24.11.2015	Vågsøy kommune	Kystvegen som riksveg - Innspel frå Vågsøy kommune

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.11.2015	VS: Kystvegen som Riksveg	70881
17.11.2015	Krav om kystvegen til riksveg.pdf	70882
24.11.2015	178467_1_A.pdf	71114
24.11.2015	178466_1_A.pdf	71115

Opplysningar til saka

Saka vart handsama som ekstra sak i Kommunestyret 16.11.15..

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Handsaming i Kommunestyret - 16.11.2015

Selje kommunestyre går innfor innspel og vedtak gjort av Formannskapet i Vågsøy, 12.11.15, sak 123/15.

Framlegg frå Kommunestyret:

Selje kommunestyre ønsker at Kystvegen Ålesund – Bergen blir vurdert som samanhengande riksveg med eitt felles vegnummer. Det er ein føresetnad at planlegging og oppstart av utbygging av Kystvegen blir omfatta av Nasjonal Transportplan for perioden 2018-2029.

Røysting:

Framlegg frå Kommunestyret fekk 17 røyster for. Samrøystes.

KS-086/15 VEDTAK

Selje kommunestyre ønsker at Kystvegen Ålesund – Bergen blir vurdert som samanhengande riksveg med eitt felles vegnummer. Det er ein føresetnad at planlegging og oppstart av utbygging av Kystvegen blir omfatta av Nasjonal Transportplan for perioden 2018-2029.

Samrøystes

Utskrift til:

Kystvegen Ålesund – Bergen
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

